

Åpning av det 157. storting

President: Dag Terje Andersen

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg *tirsdag den 2. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

Hans Majestet Kongens tale til det 157. storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfullt arbeid og ønsker at det må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringens mål er å gi mennesker i Norge frihet og trygghet, frihet til å leve meningsfulle liv og trygghet for jobb, egen økonomi og solide velferdstjenester. Regjeringen bygger sin politikk på at et sterkt fellesskap gir individuell frihet til flest.

Regjeringen vil arbeide for et samfunn preget av åpenhet, toleranse og mangfold, og for at mennesker i hele Norge skal få utvikle egne evner, skape virksomheter og utvikle landets rike muligheter.

Vi lever i et Europa som er preget av økonomisk ustabilitet, sosial uro og høy arbeidsledighet. Mens våre naboland sliter, opplever vi i Norge lav ledighet, nyskaping i næringslivet og høy yrkesdeltakelse.

I Norge er det små forskjeller mellom folk. Vi har tillit til hverandre og til fellesskapet. Regjeringen vil arbeide for at det forblir slik.

Regjeringen vil sikre arbeidsplasser og gode lokalsamfunn. Samtidig vil regjeringen investere i framtiden, i lærernes kompetanse, i forskning og i fellesskolen over hele landet. Norge skal være et foregangsland i miljøpolitikken. Rikdommen fra olje og gass skal fortsatt komme alle i Norge til gode.

Regjeringen vil videreføre den norske velferdsmodellen som kombinerer jevn inntektsfordeling, solid økonomisk vekst, høy yrkesaktivitet og makroøkonomisk stabilitet. Den enkeltes arbeidsinnsats er med og betaler for vår felles velferd. Arbeid gir den enkelte økonomisk selvstendighet. Arbeid til alle er den viktigste forutsetningen for å unngå fattigdom.

Regjeringen følger utviklingen i arbeidsmarkedet nøye, og vil videreføre arbeidet mot sosial dumping og useriositet i arbeidslivet. Regjeringen vil iverksette et forsøk med tilskudd til arbeidsgivere som ansetter personer med ned-satt arbeidsevne.

Regjeringen vil fremme lovforslag med tiltak mot misbruk av velferdsordningene.

Regjeringen holder fast ved den langsiktige investeringsstrategien for Statens pensjonsfond, også i perioder med uro i finansmarkedene. Bred oppslutning om forvaltningen av fondet gir stabilitet og dermed gode forutsetninger for at petroleumsinntektene kan komme både dagens

og framtidige generasjoner til gode. I meldingen om Statens pensjonsfond vil regjeringen gjøre rede for forvaltningen av fondet.

Regjeringen vil følge opp 22. juli-kommisjonens arbeid og vil legge fram en melding til Stortinget om dette. Det skal øves mer, og det skal øves bedre. Regjeringen har startet arbeidet med å etablere et nytt beredskapssenter for politiet i Oslo. Forsvarets evne til å bistå politiet i beredskapssituasjoner skal styrkes. Fra januar neste år skal den militære helikopterberedskapen på Rygge kunne yte håndhevelsesbistand til politiet. Arbeidet med å sikre objekter som kan være spesielt utsatt for angrep, skal styrkes.

Regjeringen vil sikre gode helsetjenester for folk og vil følge opp Samhandlingsreformen. Regjeringen legger stor vekt på kvalitet og pasientsikkerhet i helsetjenestene og vil fremme elektronisk samhandling. Regjeringen vil legge fram meldinger til Stortinget om dette.

De som trenger omsorgstjenester, skal ha mulighet til å mestre egen hverdag og oppleve livskvalitet og trygghet. Regjeringen vil legge fram en melding om innovasjon og ny teknologi i omsorgstjenestene. Regjeringen vil få utarbeidet en ny kreftstrategi.

Regjeringen vil fortsatt satse på utdanning og forskning. Det er nødvendig for å trygge velferdssamfunnet og møte de store utfordringene vi står overfor både nasjonalt og globalt. Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget om forskning. Meldingen vil framheve samspillet mellom utdanning, forskning og nyskaping i samfunns- og næringsliv.

Regjeringen har store ambisjoner for norsk skole. Elever er forskjellige og lærer på ulike måter. Derfor må skolen gi muligheter for alle til å lære mer. Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget om videre utvikling av kvaliteten i grunnopplæringen.

Regjeringen vil fremme kvalitet i barnehagene og vil legge fram en ny melding om framtidens barnehage.

Regjeringen vil styrke kompetansen og kapasiteten i det kommunale barnevernet ytterligere. Regjeringen tar sikte på å legge fram forslag til endringer i barnevernloven.

Regjeringen vil legge til rette for at kommunesektoren kan videreutvikle kommunale tjenester og styrke velferden til sine innbyggere.

Regjeringen vil i samarbeid med kommunene styrke boligbyggingen og vil legge fram en melding om boligpolitikken.

Regjeringen vil legge fram en melding om distrikts- og regionalpolitikken. Meldingen skal omhandle politikk for verdiskaping og utvikling i hele landet.

Regjeringen vil føre en aktiv næringspolitikk over hele landet og satse på områder der vi har særlige forutsetninger for å skape verdier. Regjeringen vil legge fram en ny strategi for mineralnæringen og en handlingsplan for kultur og næring. Regjeringen vil fortsette arbeidet med å videreutvikle inntekts- og velferdspolitikken i landbruket og vil utrede hvordan prinsippet om god handelsskikk og hensynet til forbrukerne best kan ivaretas i lovgivningen.

Regjeringen vil fortsatt arbeide for å gjennomføre for-eklinger som sparer næringslivet for administrative utgifter.

Regjeringen vil legge fram en melding om Digital agenda for Norge. Den vil drøfte hvordan IKT kan utnyttes til fortsatt vekst og velferd.

Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget om hvordan verdiskapingen i norsk sjømatnæring kan økes langs kysten gjennom kunnskapsbasert forvaltning og miljømessig bærekraftig produksjon.

Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget med en helhetlig forvaltningsplan for Nordsjøen med Skagerrak. Regjeringen vil da ha lagt fram forvaltningsplaner for alle de norske havområdene.

Regjeringen vil føre en politikk for bærekraftig utvikling. Norge skal være en pådriver for en ambisiøs klimavtale med bindende forpliktelser for alle land.

Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget om de forventede konsekvensene av klimaendringene for Norge og en politikk for å tilpasse oss de utfordringene og mulighetene et endret klima gir.

Regjeringen vil arbeide videre med å bedre samfunnets evne til å håndtere flom- og skredrisiko.

Regjeringen vil i petroleumspolitikken legge opp til en parallell satsing på tre områder – øke utvinningen fra eksisterende felt og utbygging av drivverdige funn, fortsette en aktiv utforskning av åpnet areal og gjennomføre åpningsprosessene for Jan Mayen og Barentshavet sørøst.

Regjeringen vil fortsatt legge til rette for utbygging av fornybar energi. El-sertifikatorrdningen, nettpolitikken og en aktiv konsesjonspolitikk vil bidra til økt utbygging av vann- og vindkraft og til bedre forsyningssikkerhet for strøm.

Et velfungerende transportsystem er viktig for økt verdiskaping og livskvalitet, og for å ta hele landet i bruk. Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget om Nasjonal transportplan for perioden 2014–2023.

Regjeringen tar sikte på å legge fram forslag om å endre lovgivningen om forberedelser til terrorhandlinger og om organisert kriminalitet.

Regjeringen vil oppnevne et utvalg som skal vurdere straffelovens regler om utilregnelighet og hvordan sakkynndige skal brukes i straffesaker der det er tvil om gjerningsmannens tilregnelighet.

På utlendingsområdet vektlegger regjeringen en effektiv og rettssikker returpraksis. Det er et mål for regjeringen at personer som ikke oppfyller vilkårene for opphold i landet, skal returneres raskt, helst frivillig, men om nødvendig med tvang.

Målet for integreringspolitikken er like muligheter, rettigheter og plikter for innvandrere og barna deres til å delta og bidra i arbeids- og samfunnsliv. Regjeringen vil legge fram en melding om integrering.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for likestilling mellom kjønnene og vil legge fram en melding om likestilling.

Regjeringen gjennomfører Kulturløftet. Kulturløftet bidrar til at flere får delta i kulturaktiviteter, i frivillige lag og foreninger.

Regjeringen vil slutføre arbeidet med kirkeforliket i samsvar med Stortingets forutsetninger.

Regjeringen gjennomgår forsvarssektorens kompetanseutfordringer og vil legge fram en melding om dette.

Regjeringen vil følge opp arbeidet med å fase inn nye F-35 kampfly.

Hovedlinjene i norsk utenrikspolitikk ligger fast, herunder en sterk oppslutning om FN og folkeretten, medlemskapet i NATO, EØS-avtalen og at Norge ikke er medlem av EU.

Nordområdene vil fortsatt være regjeringens viktigste strategiske satsingsområde i utenrikspolitikken. Regjeringen vil videreutvikle samarbeidet med Russland og markere 20-årsjubileet for Barentssamarbeidet i Kirkenes i juni 2013.

EU er Norges største økonomiske samarbeidspartner. Regjeringen vil føre en aktiv europapolitikk og arbeide målrettet for å ivareta norske interesser overfor EU. Regjeringen vil legge fram en melding til Stortinget om samarbeidet med EU.

Regjeringen vil legge fram melding til Stortinget om demokrati, rettferdig fordeling og økonomisk vekst i utviklingsland.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets arbeid, og erklærer Norges 157. storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Hadia Tajik.

I samsvar med Grunnlova gir Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Den 13. august tok regjeringa imot rapporten frå 22. juli-kommisjonen. Rapporten har vore sendt på høyring.

Statsministeren og justis- og beredskapsministeren gjorde greie for hovudfunna i rapporten for Stortinget 28. august i år. Dei la òg fram korleis regjeringa vil følgje han opp og gjorde greie for tiltak som er sette i verk og kommande tiltak.

Regjeringa har sendt på høyring forslag om nye straffeføresegner om førebuing til terrorhandlingar og endringar i reglane om organisert kriminalitet.

Det er vedteke at det skal stillast tomt på Alna til disposisjon for etablering av nytt beredskapssenter for politiet i Oslo.

Regjeringa har vedteke at det skal opprettast ein nasjonal minnestad for 22. juli i regjeringskvartalet. Minnestaden skal heidre alle offer, etterlatne og frivillige. Det skal òg opprettast ein minnestad på landsida ved Utøya.

I mars 2012 runda Noreg fem millionar innbyggjarar. Folkeveksten i Noreg i 2011 målt i talet på menneske har aldri vore større, og det er nesten 100 år sidan Noreg hadde større folkevekst i prosent.

Norsk økonomi har klart seg godt etter tilbakeslaget under finanskrisa. Verdiskapinga har no auka ti kvartal på rad. Sysselsetjinga er høgare enn toppnivået i 2008, og arbeidsløysa held seg låg. Lågare aktivitet hos handelspartnarane har bidrege til svak utvikling i den tradisjonelle vareeksporten det siste året. Sterk vekst i etterspørselen frå petroleumsverksemda har vore med på å halde veksten i norsk økonomi oppe.

Den gode utviklinga i norsk økonomi speglar seg i ar-

beidsmarknaden. Veksten i talet på sysselsette personar har vore høg og aukande gjennom 2011 og inn i 2012. I 2012 vert det anslått at talet på sysselsette vil auke med nær det dobbelte av gjennomsnittet for dei siste 20 åra. Den høge veksten i sysselsetjinga skuldast først og fremst at høg innvandring bidreg til høg vekst i tilbodet av arbeidskraft. Nivået for arbeidsledige held seg likevel på eit lågt nivå. I andre kvartal i år utgjorde dei arbeidsledige 3 pst. av arbeidsstyrken.

Veksten i verdsøkonomien er framleis svak. Det er særleg industrilanda som dreg ned. Veksten er framleis relativt høg i Kina og andre framveksande økonomiar, men òg her går tempoet ned. Løpande statistikk og stemningsindikatorar peikar i retning av vidare svak utvikling i industrilanda framover. Frykta for at enkelte land i euroområdet ikkje skal klare å betene statsgjelda si, har i lengre tid vore ei kjelde til uro i finansmarknadene. Sidan statsgjeldproblema i euroområdet blei synlege for snart tre år sidan, har styresmaktene i EU og dei kriseramma landa gjennomført viktige tiltak. Dei fundamentale problema er likevel ikkje løyste.

Medan det har vore ei viss betring på arbeidsmarknaden i USA det siste halve året, er arbeidsløysa stigande i fleire europeiske land. I mange land er arbeidsløysa blant ungdom særleg høg. Den økonomiske veksten i industrilanda er for svak til å auke sysselsetjinga i vesentleg grad, og ein reknar med at arbeidsløysa vil halde seg høg framover.

Regjeringa har i 2012 lagt opp ein jobbstrategi for personar med nedsett funksjonsevne. Strategien har spesielt fokus på personar med nedsett funksjonsevne under 30 år som treng hjelp for å komme i arbeid.

I perioden 2005 til 2012 har inntektene i kommunesektoren reelt auka med om lag 60 mrd. kroner, i 2012-kroner. I 2011 auka inntektene i kommunesektoren med 8,4 mrd. kroner. Sysselsetjinga i kommuneforvaltninga auka i 2011 med 10 300 personar, tilsvarende 2,5 pst. Det er høgare enn i 2010 og om lag same veksten som i 2008 og 2009. I første halvår 2012 var det i gjennomsnitt sysselsett 516 000 personar i kommunesektoren.

Nordområda er det viktigaste utanrikspolitiske satsingsområdet for regjeringa. I november 2011 la regjeringa fram den første meldinga til Stortinget om nordområda. I meldinga skisserer regjeringa norske hovudmål og prioriteringar i nordområdepolitikken dei neste 20 åra.

Regjeringa legg stor vekt på å fremje ei berekraftig utvikling. Hovudutfordringane for ei slik utvikling er internasjonal fattigdom, urettferdig fordeling, store miljøødeleggingar, menneskeskapte klimaendringar, konfliktar og diskriminering.

Noreg står i fremste rekkje i kampen mot global fattigdom. I 2009 blei målet om at norsk bistand skal utgjere 1 pst. av bruttonasjonalinntekta nådd. Bistanden har halde seg på dette nivået sidan og er av dei høgaste i verda. Samtidig spelar Noreg ei aktiv rolle i den internasjonale kampen mot ulovleg kapitalflyt for å hindre at fattige land blir tappa for pengar dei sårt treng når milliardverdiar forsvinn utan å bli skattlagde.

Regjeringa har halde fram med moderniseringa av For-

svaret og følgd opp gjeldande langtidsplan med dei auka løyvingar som var varsla.

Stortinget gav i juni 2012 tilslutning til ein ny langtidsplan for Forsvaret. Planen inneber ein forsvarsstruktur i balanse, som sikrar Noregs interesser og verdiar. Regjeringa vidarefører satsinga i nordområda med overvaking og utøving av suverenitet og myndigheit.

Regjeringa har lagt fram ei ny klimamelding for Stortinget. I meldinga held ein fast ved det høge ambisjonsnivået frå klimaforliket.

I 2012 heldt regjeringa fram med å trappe opp løyvingane til veg og jernbane i samsvar med målsetjinga i Nasjonal transportplan 2010–2019.

Det er i samsvar med kyrkjeforliket vedteke endringar i Grunnlova og kyrkjelova, bl.a. slik at valde organ i Den norske kyrkja har fått myndigheit til å tilsetje biskopar og prostar.

Regjeringa har lagt fram digitaliseringsprogrammet På nett med innbyggerne, som byggjer på at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen for kontakten mellom innbyggjarane og forvaltninga.

Noreg er verdas nest største eksportør av sjømat. Eksportverdien var i 2011 på 53 mrd. kroner, og av dette stod havbruksnæringa for nesten 60 pst. Norsk sjømatnæringskaper om lag 46 000 årsverk, når ein reknar med ringverknadene.

Det er framleis høg aktivitet i petroleumssektoren. Verdien av olje- og gasseksporten var i 2011 på om lag 562 mrd. kroner og 30 pst. av statsinntektene kom frå denne sektoren. Norsk oljeproduksjon er gradvis blitt redusert sidan 2001, medan sal og eksport av gass er aukande. Om lag 44 pst. av Noregs ressursbase er produsert til no.

Regjeringa fremja våren 2012 eksportkredittlova, som gav grunnlag for å opprette det statlege selskapet Eksportkreditt Norge AS. Det vil sikre eit robust og konkurransedyktig finansieringstilbod for norsk næringsliv.

Regjeringa held fram arbeidet sitt med å gjere opplæringa på ungdomstrinnet meir praktisk, variert og relevant. Som ei oppfølging av meldinga om ungdomstrinnet, Motivasjon – mestring – muligheter, innførte alle ungdomsskolar valfag for 8. trinn i år.

Målsetjinga om å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring er ei hovudprioritering for regjeringa. Målsetjinga skal ein nå gjennom tett oppfølging og ytterlegare arbeid for å gi opplæring med relevant innhald og god kvalitet på alle trinn. Prosjektet Ny GIV rettar seg spesielt mot elevar som har eit svakt grunnlag frå ungdomsskolen, eller som har slutta i vidaregåande. Samla vil 3 500 lærarar få skoloring i metodebruk tilpassa elevar med svake faglege føresetnader. Totalt vil 13 000 elevar bli direkte omfatta av denne opplæringa på dei tre åra prosjektet varer.

Regjeringa har i 2012 sørgt for ein betydeleg kapasitetsauke i høgare utdanning gjennom nye studieplassar og nye bygg. Auken vil, saman med tidlegare aukingar, gi ca. 23 400 nye studieplassar innan 2017. Regjeringa har frå 1. januar 2012 utvida rett og plikt til norskopplæring frå 300 til 600 timar, for slik å leggje til rette for at innvandrarar skal lære seg enda betre norsk og få kunnskap om det norske samfunnet.

Regjeringa la i desember 2011 fram Meld. St. 9 for 2011–2012 Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords. Meldinga blei behandla i Stortinget i april 2012.

Regjeringa har sett i gang samhandlingsreforma, som skal gi pasientar og brukarar betre tenester der dei bur.

Den nye folkehelselova har tredd i kraft.

I 2012 har forbruket hos norske hushaldningar teke seg opp. Låge renter, god inntektsvekst og høg sparing gir grunn til å vente at denne utviklinga vil halde fram. Samtidig ligg det an til kraftig vekst i petroleumsinvesteringane også i 2012, og mange fastlandsbedrifter rapporterer om betre vekstutsikter.

Noreg er likevel ikkje skjerma for utviklinga ute. Der som situasjonen internasjonalt blir verre, kan lønnsmda i norske eksportbedrifter med høgt kostnadsnivå komme under ytterlegare press. Høg gjeld gjer norske hushaldningar sårbarare for overraskande inntektsbortfall eller auka lånerenter.

Regjeringa følgjer handlingsregelen for ei gradvis og forsvarleg innfasing av petroleumsinntekter i norsk økonomi. Den økonomiske politikken skal samtidig bidra til ei stabil utvikling i produksjon og sysselsetjing. Det betyr av vi må halde igjen på pengebruken når økonomien går godt, slik at vi om nødvendig kan bruke budsjettet til å stimulere etterspørselen i dårlege tider. Denne handlefridommen var god å ha under finanskrisa.

Med utsikter til låg inflasjon, svakare vekstutsikter internasjonalt og auka uro i finansmarknadene reduserte Noregs Bank styringsrenta med 0,5 prosenteningar på rentemøtet sitt i desember 2011 og med ytterlegare 0,25 prosenteningar i mars i år, til 1,5 pst. Styringsrenta har sidan blitt halden uendra på dette nivået.

Statens pensjonsfond – Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg – hadde ein samla marknadsværdi ved utgangen av 2. kvartal 2012 på 3 697 mrd. kroner. Resultata gjennom fjoråret og så langt i 2012 har vore prega av stor utryggleik i finansmarknadene med omsyn til vekstutsiktene for verdsøkonomien.

Det er viktig at ein evnar å halde fast ved ein langsiktig investeringsstrategi, også i periodar med uro i finansmarknadene. Høg oppslutning om korleis Statens pensjonsfond blir forvalta, gir gode føresetnader for at petroleumsinntektene kan komme både dagens og framtidige generasjonar til gode. Stortingsbehandlinga av årets melding om Statens pensjonsfond viser at det er brei politisk semje om strategien for forvaltninga av dei felles sparesmidla våre.

Revisjonen av statsbudsjettet for 2012 i mai innebar ein bruk av petroleumsinntektene på 116 mrd. kroner, målt ved det strukturelle, oljekorrigerde budsjettunderskottet. Det er 6 mrd. kroner lågare enn ein rekna med i Nasjonalbudsjettet 2012 og 16 mrd. kroner under den venta realavkastninga av Statens pensjonsfond utland.

Sysselsetjinga har auka kraftig gjennom første halvår 2012, samtidig som arbeidsløysa har halde seg låg. I andre kvartal 2012 var det ifølgje nasjonalrekneskapsen sysselsett nesten 20 000 fleire enn kvartalet før.

Konsumprisindeksen auka med 1,2 pst. i 2011, og prisveksten har halde seg moderat hittil i 2012.

Kronekursen styrkte seg betydeleg frå årsskiftet og fram

til mars i år, men har sidan svekka seg noko. Målt ved konkurransekursindeksen var krona mot slutten av september drygt 2,5 pst. sterkare enn ved årsskiftet og nesten 5 pst. sterkare enn gjennomsnittet for dei siste fem åra.

Etter å ha falle frå først i april til midten av juni har oljeprisen teke seg markert opp. Oljeprisen er no vel 110 dollar per fat.

Driftsbalansen overfor utlandet viste eit overskott på 393 mrd. kroner i 2011. Det er 80 mrd. kroner meir enn året før.

Tal for utanrikshandelen for første halvår 2012 viser at eksportverdien for tradisjonelle varer var 1,8 pst. lågare enn i same perioden året før, mens importverdien for tradisjonelle varer var 1,9 pst. høgare.

Regjeringa legg stor vekt på å fremje ei berekraftig økonomisk og sosial utvikling. Hovudutfordringane for ei slik utvikling er internasjonal fattigdom, reduksjon i naturmangfaldet, menneskeskapte klimaendringar og spreiding av miljøgifter.

Sidan 2005 har regjeringa auka løyvingane til dei ordinære distrikts- og regionverkemidla med over 700 mill. kroner. Regjeringa har halde fram distriktsløftet i 2012 m.a. gjennom auka midlar til næringshagane og vidareføring av dei ulike satsingane på attraktive lokalsamfunn, bl.a. Bolyst og MERKUR-programmet.

Regjeringa har i 2012 etablert eit nytt verdiskapingsprogram for lokale og regionale parkar.

Bustøtta er det viktigaste bustadpolitiske verkemiddelet staten har og skal bidra til at dei som har låg inntekt og høge buutgifter, skal kunne bu i ein høveleg bustad. Ordninga er blitt styrkt gjennom ei eiga lov som avklarar og sikrar rettane til søkjaren.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om ein framtidretta bygningspolitikk, som legg til rette for energieffektive bygg med gode kvalitetar. Samtidig skal byggjeregulane bli enklare og dermed føre til redusert tidsbruk og kostnader for dei involverte partane.

Det er løyvt 20 mill. kroner til eit nytt tilskott for å auke bustadtilbodet i kommunar med små og usikre bustadmarknader eller mangel på bustader. Ordninga er viktig fordi mange mindre kommunar kan ha arbeidsplassar, men ikkje bustader til tilflyttarar.

Noreg har fram til oktober 2013 formannskapet i Barentsrådet og er pådrivar for ei vidare utvikling av samarbeidet i nord mellom dei fire landa i Barentsregionen. Arbeidet i Arktisk råd blir tillagt stor vekt.

Regjeringa har ført ein offensiv europapolitikk basert på Soria Moria-erklæringa og stortingsmeldinga om gjennomføringa av europapolitikken. Regjeringa har lagt fram ei melding til Stortinget om EØS-midlane. Norsk innsats og bistand til regional stabilitet og euroatlantisk integrasjon på Vest-Balkan er vidareført.

Regjeringa har bidrege til å styrkje det nordiske samarbeidet under Noregs formannskap i Nordisk Ministerråd og gjennom å følgje opp Stoltenberg-rapporten om eit tettare utanriks- og tryggingpolitisk samarbeid i Norden.

Gjennom medlemskap i FNs menneskerettsråd 2009–2012 har Noreg bidrege til å styrkje FNs innsats for menneskerettar. Noreg har også auka innsatsen mot dødsstraff

og har ei sentral rolle i støttegruppa til Den internasjonale kommisjonen mot dødsstraff, ICDP.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om global helse i utanriks- og utviklingspolitikken, der det blir lagt vekt på ytterlegare å styrkje det globale arbeidet med å betre helsa til kvinner og barn, redusere sjukdommar og bidra til menneskeleg tryggleik gjennom helse.

Regjeringa bidrog til at ein under FN-konferansen om berekraftig utvikling, Rio +20, oppnådde viktige resultat om utvikling av mål for berekraft, rettferdig fordeling, energi, mattryggleik, hav, likestilling, skog og verdsetjing av naturkapital.

Regjeringa har nyleg lagt fram ei melding til Stortinget om norsk FN-politikk. Meldinga gir ei samla norsk tilnærming til FN for å styrkje gjennomslag for våre prioriteringar og FN's evne til å handtere globale utfordringar i ei verd i endring.

Noreg var 11.–14. september i år vertskap for og leidde det tredje statspartsmøtet for Konvensjonen om klaseammunisjon. Avtala har bidrege til at vern av sivile har blitt styrkt.

Afghanistan er framleis det viktigaste området for norsk militær innsats i internasjonale operasjonar. Det norske nærværet i Faryab-provinsen blei avvikla i september 2012 og det norske militære bidraget blir konsentrert om Kabul og Mazar-e Sharif.

Regjeringa har arbeidd for å sikre at eit nært forsvarssamarbeid mellom medlemmene i NATO skal halde fram.

Hovudtemaet på NATO-toppmøtet i Chicago i mai 2012 var korleis NATO skal møte framtida i ei verd prega av forsvarsbudsjett under press og skiftande geopolitisk balanse. Toppmøtet fatta viktige vedtak om bl.a. ei forsvarspakke for å gjere NATO betre rusta for å møte nye trygging utfordringar, NATOs framtidige rolle i Afghanistan og avslutta ein gjennomgang av forsvars- og avskrekkingpolitikken i alliansen som reduserer den rolla kjernevåpna spelar.

Regjeringa har ført vidare ein tett dialog med EU om trygging- og forsvarspolitikken.

Trass i færre kapringar er sjørøveri framleis ei alvorleg utfordring for norsk skipsfart og ein stor fare for sjøfolks liv og helse. Den internasjonale militære innsatsen i Indiahavet og den auka bruken av førebyggjande tiltak frå reiarlaga har ført til færre angrep.

Avtala som Statoil og det russiske oljeselskapet Rosneft gjorde i mai 2012, er eit eksempel på dei nye mogleghetene for samarbeid som delelinjeavtala med Russland har opna for. Avtala om grensebuarbevis tredde i kraft 29. mai og gjer det mogleg for befolkninga i det nære grenseområdet å krysse grensa mellom Noreg og Russland utan visum. Det fremjar utvikling av samarbeidet med Russland.

Stortinget har for 2012 vedteke framlegget frå regjeringa til bistandsbudsjett på til saman 27 835 mill. kroner, som svarar til 1 pst. av den venta bruttonasjonalinntekta.

Med dette høge bistandsnivået, både i kronebeløp og som del av bruttonasjonalinntekta, er Noreg blant dei største bidragsytarane til internasjonal solidaritet. Sentralt for norsk utviklingspolitikk har vore kampen mot fattigdom, grøn utvikling og likestilling.

Regjeringa har sett i gang arbeidet med ein nasjonal strategi for meir samordna og målretta innsats for verdiskaping basert på natur- og kulturarven. Strategien vil sikre ein meir effektiv bruk av offentlege verkemiddel og gi auka verdiskaping i distrikta basert på natur- og kulturarven.

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval for å vurdere verdiane av økosystemteneste i Noreg. Økosystemtenester omfattar i tillegg til mat, fiber og brensel, også meir usynlege fellesgode som vassreinsing, pollinering og rekreasjonsverdiar. Det vil vere eit viktig bidrag til betre å forstå Noregs naturkapital.

Stortinget vedtok i mai 2012 endringar i klimavotet. Lovendringane gjennomfører EUs reviderte kvotekollektiv i Noreg. Direktivet utvidar og forbetrar EUs kvotesystem med verknad frå 2013.

Partskonferansen under FN's klimakonvensjon i Durban i desember 2011 enda med eit samla positivt resultat med fire hovudelement: 1) Ny forplikingsperiode under Kyoto-protokollen. 2) Vedtak om å forhandle fram ei bindande avtale som skal omfatte alle land – Durban-plattformen. Forhandlingane skal avsluttast til 2015 og avtala skal gjelde frå 2020. Sentralt i desse forhandlingane står også eit arbeidsprogram for auka ambisjonar også fram mot 2020. 3) Etablering av det grønne klimafondet. 4) Oppfølging av Cancún-avtala, med bl.a. eit arbeidsprogram for langsiktig finansiering, etablering av rammeverk for tilpassing, nytt finanseverk for rapportering og kontroll av alle land og konkret oppfølging av utsleppskutt fram mot 2020.

Innsatsen for reduserte klimagassutslepp frå skog i utviklingsland blei vidareført og utvikla vidare. Det er til no etablert storskala bilateralt samarbeid med Brasil, Guyana, Tanzania og Indonesia, og det blir gitt støtte til strategiutvikling og kapasitetsbygging i meir enn 40 utviklingsland gjennom multilaterale fleirgivarfond.

Samarbeidet med Indonesia for å redusere klimagassutslepp frå avskoging, skogforringing og torvmyr, innleidd i 2010, gav dei første resultat. Det blei i mai 2011 sett i verk eit toårig moratorium for tildeling av nye lisensar til rydding av skog og torvmyrar.

I tråd med bl.a. norske forhandlingsposisjonar blei verdas leiarar einige om at utslepp frå avskoging og skogforringing i utviklingsland skal bli ein del av eit nytt framtidig klimaregime. Klimatoppmøtet i Cancún vedtok at slike tiltak skal ta omsyn til rettane til urfolk og bevare naturskog.

Rapportane frå sanntidsevalueringa av klima- og skoginitiativet, som blei lansert i mai, viser at Noregs bidrag har vore avgjerande for den framdrifta som er oppnådd i klimaforhandlingane på dette området. Sjølv om det framleis er for tidleg å trekkje konklusjonar om resultat i enkeltland, signaliserer evalueringa at Noregs innsats har hatt betydeleg positiv effekt i samarbeidslanda.

Regjeringa har vidareført militære bidrag i ei rekkje operasjonar i utlandet innanfor ramma av FN, NATO og EU, bl.a. gjennom FN's observatørmisjon i Syria og styrkebidraget i Afghanistan. I tråd med NATOs strategi i Afghanistan har Noreg overført den norske leiren i Faryab-provinsen og tryggingansvaret til afghanske myndigheter.

Arbeidet med å gi personell i internasjonale operasjonar

anerkjening og oppfølging er styrkt i tråd med handlingsplanen til regjeringa. Tiltak på tvers av samfunnssektorane har stått særleg sentralt.

Regjeringa har sett i verk eit strategisk arbeid for kompetansereform i forsvarssektoren.

Stortinget slutta seg i juni 2012 til framlegget frå regjeringa om innkjøp av inntil 52 nye kampfly. Dei to første flya er bestilte for levering frå 2015. Stortinget har også slutta seg til ein framtidig basestruktur for Luftforsvaret.

Regjeringa har vidareført arbeidet med å sikre moglege oppdrag for norsk industri innanfor F-35-samarbeidet i framtida.

Regjeringa har styrkt arbeidet med FN's tryggingråds-resolusjon 1325 (2000) om kvinner, fred og tryggleik gjennom ei rad konkrete tiltak innanfor operasjonar, kompetansebygging og rekruttering.

Talet på registrerte personar med nedsett arbeidsevne har gått noko ned dei siste åra. Talet på tiltaksplassar for denne gruppa gjekk noko ned frå 2010 til 2011, men auka att frå 2011 til 2012. Talet på tiltaksplassar for ledige er redusert noko i takt med stabiliseringa av arbeidsmarknaden. Samla planlagt tiltaksnivå for ledige og personar med nedsett arbeidsevne er på 71 200 plassar i 2012.

Dei fleste norske tilsette har hatt god lønnsvekst dei siste åra. Samla lønnsvekst var i 2011 på 4,2 pst. Lønnsoppgjeret i 2012 var eit hovudoppgjer i dei fleste tariffområda. Det var tvistar i nokre tariffområde, men dei fleste tvistane blei løyste gjennom ordinær mekling. Unio og staten blei einige om å gå inn for frivillig lønnsnemnd, mens konfliktane i sokkelavtalene og vektaroverenskomsten blei avgjorde ved tvungen lønnsnemnd.

Nav-reforma er i all hovudsak gjennomført, det siste Nav-kontoret blei oppretta i 2011. Både den organisatoriske etableringa og innføringa av store innhaldsreformer er på plass. Reformperioden har vore krevjande for Arbeids- og velferdsetaten. Det tilseier at vidare utvikling av etaten vil ha eit meir langsiktig og heilskapleg perspektiv. Det overordna bildet viser at resultatutviklinga går i rett retning på mange viktige område i Arbeids- og velferdsetaten. Situasjonen i ytingsforvaltninga er no vesentleg betra samanlikna med tidlegare i reformperioden sjølv om saksbehandlingstida framleis er lang for enkelte ytingar. Etaten har vidare betra oppfølginga av viktige brukargrupper som arbeidssøklarar, sjukmelde og mottakarar av arbeidsavklaringspengar. Brukarundersøkingar viser at brukarane no er meir tilfredse med tenestene til Arbeids- og velferdsetaten enn dei har vore dei tre siste åra.

Arbeids- og velferdsetaten har mange og til dels gamle IKT-løysingar. Vesentlege forbetringar av effektivitet og kvalitet i saksbehandlinga i arbeids- og velferdsforvaltninga krev omfattande modernisering av IKT-systema i Arbeids- og velferdsetaten. Stortinget gav i vår Arbeidsdepartementet ei ramme på 1 750 mill. kroner for å fornye IKT-systema i etaten.

Regjeringa har i 2012 halde fram med arbeidet for å fremje eit seriøst og anstendig arbeidsliv. Det er sett i gang eit arbeid med å etablere treparts bransjeprogram, og hitil er det etablert eit slikt bransjeprogram i reinhaldsbransjen. Regjeringa har også innført ei offentleg godkjen-

ningsordning for reinhaldsverksemdar frå 1. september 2012.

Regjeringa har fremja Prop. 74 L for 2011–2012 om endringar i arbeidsmiljølova og tenestemannslova m.m. Stortinget vedtok 7. juni 2012 lovframlegga som gjennomfører EUs vikarbyrådirektiv. Det er vedteke å innføre eit likebehandlingsprinsipp, som inneber at vikarbyråtilsette skal ha dei same lønns- og arbeidsvilkåra som dei ville hatt om dei var tilsette hos innleigar. Det er også vedteke ei rekkje tiltak for å sikre at likebehandlingsprinsippet blir etterlevd og for å bidra til ein seriøs vikarbyråbransje.

Regjeringa samarbeider med partane i arbeidslivet om å følge opp IA-avtala. Nye reglar om oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar tredde i kraft 1. juli 2011. For dei fleste sjukmelde er aktivitet meir helsefremjande enn passivitet. Endringane støttar derfor opp under auka bruk av gradert sjukmelding. Det er også innført meir effektive reaksjonar overfor dei som ikkje følgjer opp ansvaret sitt i sjukefråværsarbeidet. Myndigheitene har saman med partane i arbeidslivet og Legeforeninga eit kontinuerleg fokus på utviklinga for å sikre at det nye regelverket blir godt følgt opp og etterlevd. For å støtte opp under sjukmeldarrolla er det utarbeidd faglege rettleiarar i sjukmeldingsarbeidet og system for regelmessige tilbakemeldingar om sjukmeldingspraksisen til legane. Det er ein oppløftande nedgang i sjukefråværet. Godt informasjonsarbeid er avgjerande for å halde oppe merksemda om delmålet i IA-avtala og eit viktig tema for samarbeidet mellom avtalepartane.

Det totale sjukefråværet i andre kvartal 2012 var på 6,0 pst. av alle avtala årsverk i kvartalet. Det er ein nedgang på 7,6 pst. frå andre kvartal 2011. Eitt av måla i avtala om eit inkluderande arbeidsliv er å redusere sjukefråværet med 20 pst. frå nivået i 2001. Sjukefråværet i andre kvartal 2012 er om lag 14 pst. lågare enn nivået i andre kvartal 2001.

Regjeringa presenterte i revidert nasjonalbudsjett 2012 hovudtrekka i den planlagde yrkesskadereforma. Forslaget er å slå saman dagens to regelverk for yrkesskade i éi lov og samle den administrative behandlinga i eitt spor. Det vil gi eit meir rettferdig og tidsmessig regelverk, som kan svare på dei utfordringane vi står overfor med eit arbeidsliv i rask forandring. Det vil også ivareta likestillingsomsyn på ein betre måte enn i dag. Yrkesskadereforma er svært omfattande, med ei rekkje problemstillingar av lovmessig, organisatorisk og finansiell art.

Regjeringa har lagt fram ein proposisjon til Stortinget om pensjonsordning for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer.

Anleggsaktiviteten for veg og jernbane er høg. I 2012 starta anleggsarbeida på fellesprosjektet E6/Dovrebanen langs den søre delen av Mjøsa.

Ei rekkje store veganlegg er, eller blir, opna i 2012. Mange nye anlegg er sette i gang. Stortinget har vedteke fleire nye bompengeprojekt.

Fleire utbyggingsprosjekt på jernbanen er anten ferdige, under bygging eller er sette i gang det siste året.

Satsinga på jernbane gir resultat. Persontoga er i første halvdel av 2012 klart meir punktlege, og målet om at

90 pst. av alle person- og godstog skal vere punktlege, er oppfylt. Fornyninga av jernbanenettet i Oslo-området har ført til eit betre og meir stabilt togtilbod.

Ved årsskiftet 2011/2012 blei ei ny trafikkavtale mellom staten og NSB AS inngått for perioden 2012–2017 med ei ramme på 15,4 mrd. kroner.

Regjeringa har ført vidare den sterke satsinga på trafikktryggleik. I 2011 miste 168 menneske livet i vegtrafikken. Kvart dødsfall i trafikken er eitt for mykje, men vi må heilt tilbake til 1954 for å finne tilsvarande låge tal på drepane i trafikken. Satsinga på trafikktryggleik har gjort mykje til denne reduksjonen.

Talet på kollektivpassasjerar heldt fram med å auke frå 2010 til 2011.

Etter anbudskonkurranse har Samferdselsdepartementet med verknad frå 1. april 2012 gjort avtale om kjøp av flyruter for 18 eksisterande ruteområde og eitt nytt. For rutene i dei fire nordlegaste fylka er avtalene inngått for fem år, mens avtaleperioden for dei andre rutene er fire år.

Regjeringa har lagt fram ei melding til Stortinget om verksemda til Posten Norge AS.

Etter terroranslaget mot Regjeringskvartalet er det gjennomført sikringsarbeid, opprydding og asbestsanering. På oppdrag frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet gjennomfører eksterne konsulentar no ei konseptvalutgreiing som skal klargjere ulike alternativ for oppattbygging av Regjeringskvartalet. Til grunn for utgreiinga ligg at hovudtyngda av departementa skal lokaliseras i det noverande Regjeringskvartalet.

Forhandlingar om ein nordisk samekonvensjon tok til i 2011. Sametinga i dei tre nordiske landa er representerte i forhandlingsdelegasjonane.

Takk vere god styring gjennom mange år, at ein har fått bukt med tjuvfisken i Barentshavet og gode klimatiske forhold, har vi saman med Russland greidd å byggje opp verdas største torskebestand. Også dei andre store fiskebestandane er godt forvalta og fiskekvotane er historisk høge.

Regjeringa har gitt høg prioritet til tiltak mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske og andre typar fiskerikriminalitet og arbeider aktivt nasjonalt og internasjonalt for å få slutt på utkast av fisk. Noreg, Sverige og Danmark signerte i november 2011 ei felles erklæring om å innføre forbod mot utkast i Skagerrak. Noreg har også arbeidd for å påverke EU til å innføre utkastforbod i si reform av den felles fiskeripolitikken.

Den totale havbruksproduksjonen, der laks står for den største delen, var i 2011 på om lag 1,1 mill. tonn. Havbruksnæringa skal operere innanfor miljømessig berekraftige rammer, og for tida blir det særleg arbeidd med å løyse utfordringane som er knytte til lakselus og rømming. Laksenæringa møter for første gong sidan 1991 ingen handelspolitiske tiltak – etter at USA i januar fjerna straffetollen på fersk, heil laks frå Noreg. Norske myndigheiter og laksenæringa bidrog aktivt til dette.

I mai blei overvåkings- og informasjonssystemet BarentsWatch lansert. BarentsWatch, som er ein viktig del av nordområdesatsinga til regjeringa, er eit pionerprosjekt der all kunnskap norsk forvaltning har om kyst- og havområda våre, blir samla i ein portal som vil vere tilgjengeleg for

alle. Det vil føre til betre tryggleik til sjøs, auka innsikt og kunnskap og gi eit augneblinksbilde over det som skjer i havområda våre. Den første versjonen av BarentsWatch er basert på data frå seks statlege etatar, men talet på tenester vil auke gradvis, og etter kvart vil nærare 30 samarbeidande partnerar levere data og tenester til BarentsWatch.

Arbeidet med å kartleggje tidlegare omstridde område i Barentshavet kom i gang i 2011 gjennom botnkartleggingsprogrammet MAREANO.

Sjøtransporten utgjer om lag 45 pst. av all godstransport i Noreg. Regjeringa har som mål å overføre ein større del av transporten til sjø og bane. For å styrkje sjøtransporten er det sett i gang arbeid med ein nærskipfartsstrategi. Kystavgifta er redusert til å dekkje 10 pst. av dei utgiftene staten har til navigasjonshjelpemiddel og tiltak langs farleia.

Regjeringa er oppteken av tryggleik til sjøs og oljevernberedskap. Regjeringa har styrkt sjøtryggleiken ytterlegare i dei nordlegare havområda, og det er bestemt at det skal innførast ei statleg losteneste for all skipstrafikk i farvatnet ved Svalbard på tilsvarande måte som for fastlandet. Det vil vere eit viktig bidrag til å redusere risikoen for uønskte hendingar ved Svalbard, slik at ein kan unngå skade på liv, helse og miljø.

Det er etablert ei statleg slepeberedskapsteneste for farvatna frå Røst til Grense Jakobselv og utanfor kysten av både Sørlandet og Vestlandet. Arbeidet med å hogge opp kryssaren «Murmansk» i Hasvik kommune begynte sommaren 2011 og er venta å vere ferdig i 2012. Det er vidare gjennomført tømning av olje frå vraka «Erich Giese», «Neuenfels» og «Boardale» ved Narvik og i Vesterålen.

Noreg og Russland har i fellesskap sendt ein søknad til FNs sjøfartsorganisasjon, IMO, om fastsetjing av eit obligatorisk skipsrapporteringssystem i Barentshavet, Barents SRS. Systemet vil auke sjøtryggleiken i Norskehavet og Barentshavet. Søknaden er venta å vere ferdigbehandla av IMO i november 2012.

Det er framleis høg aktivitet i petroleumsnæringa. Ti nye utbyggingsplanar blei behandla i 2011, alt frå mindre tidskritiske prosjekt til revitaliseringa av Ekofisk-feltet til 65 mrd. kroner. I 2011 blei det investert for om lag 145 mrd. kroner på kontinentalsokkelen. Det svarar til om lag 26 pst. av dei samla realinvesteringane i landet. Investeringsnivået er høgt. I 2012 er det venta investeringar på om lag 180 mrd. kroner, og det er venta at investeringane vil auke ytterlegare i åra framover.

I petroleumspolitikken blir det lagt til rette for ny aktivitet i nord.

TFO 2011, tildelingar i førehandsdefinerte område, blei tildelt i februar 2012 og omfatta 60 utvinningsløyve til i alt 42 selskap. Den 22. konsesjonsrunden blei utlyst i juni 2012. 86 blokker blei lyste ut, og av desse var 72 i Barentshavet og dei resterande i Norskehavet. Nye, store funn i nord har skapt ny entusiasme for nordområda.

Etter avtala med Russland om avgrensinga i Barentshavet og Polhavet har regjeringa sett i gang ei konsekvensutgreiing for Barentshavet søraust med sikte på å opne området for petroleumsværksemd. Det er planlagt ei offentleg høyring av konsekvensutgreiinga kommande vinter. Så-

fram konsekvensutgreiinga gir grunnlag for det, vil regjeringa leggje fram ei stortingsmelding som tilrår å opne desse områda for petroleumsverksemd.

Proessen for å greie ut om petroleumsverksemd i havområda rundt Jan Mayen følgjer ein tilsvarende tidsplan. Regjeringa har sett i gang kunnskapsinnhenting om følgjer av petroleumsverksemda i det nordaustlege Norskehavet. I tett samarbeid med lokale interessentar og fagmiljø vil ein særleg rette merksemda mot samfunnsmessige verknader for lokalsamfunn i regionen.

I 2011 utgjorde omsetninga til den norskbaserte petroleumsretta leverandørindustrien om lag 350 mrd. kroner, og av dette var om lag 150 mrd. kroner internasjonal omsetning. I over 40 år har industrien bygd si konkurransekraft ved å løyse stadig meir krevjande oppgåver på norsk kontinentalsokkel. Industrien er blitt verdssleiande innanfor seismikk, undervassproduksjonssystem, boreutstyr og servicefartøy. Industrien har kunnskapsbaserte arbeidsplassar over heile Noreg.

Opninga av Teknologisenteret for CO₂-fangst på Mongstad i mai i år var ein viktig merkedag i den sterke norske satsinga innanfor fangst og lagring av CO₂. Teknologisenteret er ein sentral del av den norske satsinga. Teknologisenteret er unikt i verdssamanheng, og det er det første i sitt slag som kan teste to ulike fangstteknologiar frå to forskjellige CO₂-kjelder side om side. Arbeidet med å planleggje fullskala CO₂-fangst på Mongstad går etter planane.

Den samla elektrisitetsproduksjonen var om lag 128 TWh i 2011, mens forbruket var om lag 125 TWh.

Olje- og energidepartementet og Noregs vassdrags- og energidirektorat gav i 2011 løyve til vass- og vindkraftprosjekt som vil kunne gi ein samla årleg produksjon på om lag 700 GWh. Same året blei 51 vindkraftprosjekt, eit vindkraftverk og utviding av eit vindkraftverk sett i drift. Desse vil bidra med ein samla årleg produksjon på om lag 800 GWh.

Olje- og energidepartementet gav i juli 2012 konsesjon til fem vindkraftverk i Dalane i Rogaland – Noregs til no største samla vindkraftprosjekt. Vindkraftverka vil ha ein installert effekt på over 400 MW og ein årleg produksjon på om lag 1,3 TWh.

Olje- og energidepartementet har i første halvår 2012 gitt endeleg konsesjon til utbygging av 19 vasskraftverk, blant desse til Smibelg og Storåvatn i Nordland på om lag 200 GWh. Det blir den største vasskraftutbygginga sidan 2004.

I desember 2011 fatta Olje- og energidepartementet vedtak for dei delstrekningane som stod att på den nye 420 kV kraftleidningen mellom Ørskog og Sogndal. Delar av strekinga blei vedtekne tidlegare i 2011. Alt ligg til rette for at kraftleidningen står ferdig innan utgangen av 2015. Med denne kraftleidningen på plass blir straumforsyninga tryggja i heile regionen, og den krevjande kraftsituasjonen blir betra. Leidningen legg også til rette for å realisere fornybar og klimavennleg energi i dei fylka det gjeld.

I juni 2012 gav Olje- og energidepartementet konsesjon til BKK Nett AS til ei 300/420 kV kraftleidning frå Kollnes i Øygarden kommune via Radøy og Austrheim kommunar til Mongstad i Lindås kommune i Hordaland. Kraft-

leidninga vil vere eit viktig bidrag til å få ein akseptabel forsyningstryggleik i Bergens-regionen.

I romjula 2011 gjorde ekstremvêret «Dagmar» store skadar på infrastrukturen for straum. Fleire enn 570 000 straumkundar blei råka. For å unngå omfattande straumutfall, som det vi opplevde under «Dagmar», er vedlikehald og modernisering av nettet avgjerande.

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 14 for 2011–2012 Vi bygger Norge – om utbygging av strømmettet. Med meldinga legg regjeringa til rette for utbyggingar og reinvesteringar i det sentrale overføringsnettet for straum. Det skal innførast ekstern kvalitetssikring og ei tidleg politisk melding frå departementet om behov og konseptval. I tillegg blir avgjerdsmakta for konsesjonar flytta til Kongen i statsråd.

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 15 for 2011–2012 Hvordan leve med farene. Gjennom meldinga vil regjeringa betre evna til å handtere flaum- og skredrisiko. Meldinga peikar ut retninga for statens arbeid med dette framover. Det inneber ei heilskapleg tilnærming som omfattar både kartlegging, arealplanlegging, sikringstiltak, overvaking, varsling, beredskap, krisehandtering og forskning/utvikling.

1. januar 2012 var det oppstart for den felles elsertifikatmarknaden med Sverige. Dette er første gong to land etablerer ei felles støtteordning for fornybar energi. Med den felles elsertifikatmarknaden inngår Noreg og Sverige eit langsiktig samarbeid med eit samla mål om å auke den fornybare elektrisitetsproduksjonen med 26,4 TWh i 2020.

Enova har inngått nye avtaler om fornybar energiproduksjon og energisparing som svarar til om lag 1,3 TWh i 2011. Innan utgangen av 2011 hadde Enova eit mål om å utløyse prosjekt som gir ny miljøvennleg energiproduksjon og energisparing som svarar til 18 TWh/år. Samla kontraktsfesta resultat i perioden 2001–2011 er på om lag 16,6 TWh/år, og av dette er 7,2 TWh/år sluttrapportert. Det betyr at 92 pst. av målet for perioden 2001–2011 blei nådd.

Enova skal fremje ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon og bidra til å redusere utsleppa av klimagassar.

Olje- og energidepartementet og Enova inngjekk i juni 2012 ei ny fireårig avtale om oppdrag for Enova i perioden 2012–2015. Enova skal i perioden bidra til å kontraktsfeste energi- og klimaresultat som totalt svarar til 6¼ TWh innan utgangen av 2015.

Noreg inngjekk gjennom EFTA ei frihandelsavtale med Montenegro 14. november 2011. Frihandelsavtalene med Ukraina og Peru tredde i kraft våren 2012 og forhandlingar med dei mellomamerikanske statane Costa Rica, Honduras, Panama og Vietnam blei lanserte i same tidsperioden.

Regjeringa har lagt fram melding til Stortinget om Innovasjon Norge og SIVA SF – Verktøy for vekst.

Regjeringa har lagt fram ein FoU-strategi for nanoteknologi for perioden 2012–2021.

Regjeringa har lagt fram ein lovproposisjon om endringar i patentstyrelova.

Regjeringa har lagt fram ein ny reiselivsstrategi – Destinasjon Noreg.

For å følgje opp Meld. St. 10 for 2010–2011 Oppdate-

ring av forvaltningsplanen for det marine miljø i Barentshavet og havområda utanfor Lofoten har regjeringa sett i gang kunnskapsinnhenting om verknader og ringverknader av auka satsing på verdiskaping knytt til bl.a. reiselivs- og fiskeriverksemd i Nord-Noreg.

Regjeringa har fått tilslutning i Stortinget til ei tiltakspakke på 100 mill. kroner til treforedlingsindustrien.

Regjeringa har lagt fram ein strategi for små og mellomstore bedrifter.

Regjeringa har lagt fram dokumentet Regjeringens eierpolitikk, som gjer greie for mål med statleg eigarskap i næringslivet og rammer for utøving av næringspolitikken.

Eigarskapsforvaltninga er vesentleg styrkt gjennom rekruttering av ti nye medarbeidarar til Eigarskapsavdelinga i Nærings- og handelsdepartementet.

Dei siste ti åra har det i gjennomsnitt omkomme ca. 30 personar i samband med bruk av fritidsbåtar. Ei arbeidsgruppe leidd av sjøfartsdirektøren har foreslått tiltak for å styrkje tryggleiken for fritidsbåtar.

Regjeringa la 15. juni 2012 fram ei ny melding til Stortinget om samfunnstryggleik. Angrepa 22. juli 2011, flaum kombinert med svikt i telenettet, ekstremvær, spreiding av vulkanoske frå Island og pandemi illustrerer breidda og utfordringane i arbeidet for samfunnstryggleik og beredskap og understrekar behovet for å styrkje dette arbeidet. Meldinga må sjåast i samanheng med kommande melding til Stortinget om oppfølging av rapporten frå 22. juli-kommisjonen.

Departementet har oppnemnt eit utval som i løpet av året skal vurdere korleis PST utnyttar ressursane sine, om dei tilsette i PST har den rette faglege kompetansen og gjere ei samanlikning med ei anna nordisk tryggingsteneste. På bakgrunn av dette skal utvalet gjere ei samla vurdering av ressursituasjonen i PST sett i lys av dei oppgåvene PST skal gjennomføre og det aktuelle trusselbildet.

Det er etablert eit sivilt situasjonssenter på sentralt nivå, som er lagt til Krisestøtteininga, KSE, under Justis- og beredskapsdepartementet. Senteret er døgnbemanna.

Regjeringa fastsette i juni ein ny instruks for arbeidet i departementa med samfunnstryggleik og beredskap. Instruksen forsterkar og tydeleggjer den samordningsrolla Justis- og beredskapsdepartementet har og klargjer krava til beredskapsarbeidet i departementa.

Regjeringa fremja hausten 2011 forslag om innkjøp av nye redningshelikopter. Satsinga på dette området vil føre til ei betydeleg styrking av redningstenesta.

Det er vedteke ei eiga lov om arrestordre som erstattar utlevering av lovbrytarar mellom EU, Island og Noreg med eit meir effektivt system.

Med verknad frå 1. januar 2012 er kravet til minste aksjekapital for aksjeselskap redusert frå 100 000 kroner til 30 000 kroner.

I tråd med forslaget som regjeringa fremja i Prop. 135 L for 2010–2011, fatta i Stortinget 15. desember 2011 vedtak til lov om endringar i straffelova, straffeprosesslova, straffegjennomføringslova, konfliktrådslova m.fl. (barn og straff). Lovendringane, som delvis tok til å gjelde 20. januar 2012, vil betre rettsstillinga til unge lovbrytarar når dei blir pågripne, ved varetektsfengsling, fastsetjing

av tilpassa straffereaksjon og under straffegjennomføringa.

Å styrkje ivaretakinga av barn – både når det gjeld å førebyggje, avdekkje, beskytte og gi bistand, er blant tiltaka i den nye handlingsplanen mot vald i nære relasjonar som regjeringa la fram i januar 2012. I tillegg er det ei prioritert oppgåve for regjeringa å førebyggje ved å arbeide for eit tryggare og meir rettferdig og likestilt samfunn.

Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan mot valdtekt. Viktige innsatsområde vil være førebygging, bistand og helsehjelp til offera, kvalitet i straffesaksbehandlinga i politi- og rettsapparatet, samarbeid og samordning, og der-til kunnskap og kompetanse.

Utlendingsforvaltninga har fått tilført auka ressursar for å redusere behandlingstida, særleg i saker som inkluderer barn.

Regjeringa har lagt fram melding til Stortinget om Barn på flukt.

Talet på personar som kjem for å søkje asyl, er for 2012 relativt stabilt samanlikna med tala for 2011. I første halvår 2012 kom det om lag 4 300 asylsøklarar til Noreg.

Regjeringa prioriterer utbygging og innføring av nytt digitalt radiosamband for nød- og beredskapsstatane, Nødnett, som er ei stor og nødvendig investering i samfunnskritisk infrastruktur. Utbygginga pågår for fullt og Nødnett skal vere landsdekkjande innan utgangen av 2015.

Regjeringa har frå 1. juni 2012 avvikla sivil verneplikt som tenesteform.

Den offentlege konsertverksemda i Rikskonsertane blei lagd om 1. juli 2012. Delar av midlane til denne verksemda er omdisponerte til tilskottsordningane for arrangørar og musikarar under Norsk kulturråd. Vidare er delar av midlane omdisponerte til nye konsertformer i regi av Rikskonsertane, bl.a. arbeidsplasskonsertar.

I 2011 sette Kulturdepartementet i gang arbeidet med ein strategi for dans. Med denne strategien vil departementet styrkje utviklinga av profesjonell dansekunst i Noreg 2012–2015.

For å styrkje satsinga på sal og profilering av norsk musikk i utlandet oppretta Kulturdepartementet Music Norway i juli 2012.

To store kulturbygg er tekne i bruk. Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet blei opna i Kristiansand i januar 2012 og Konserthus Stavanger blei opna i september 2012.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om kultur, inkludering og deltaking. Det er også lagt fram ei stortingsmelding om visuell kunst.

Det er i 2012 fordelt totalt 1 564,1 mill. kroner i spelemidlar til idrettsformål. Det er lagt fram ei stortingsmelding om idrett.

Stortinget vedtok i juni 2012 eit regjeringsforslag til endringar i barnevernlova vedrørande plassering av barn som har vore utsette for menneskehandel.

Regjeringa oppnemnde eit offentlig utval som har greidd ut om makt og deltaking for dei unge. Utvalet leverte si utgreiing 15. desember 2011.

Regjeringa oppnemnde eit offentlig utval som har greidd ut om det biologiske prinsippet i barnevernet. Utvalet leverte si utgreiing 6. februar 2012.

For å styrkje barnevernstenesta i dei mest utsette kommunane har regjeringa øymerkt midlar til auka kapasitet og satsing på kunnskap og kompetanse. 70 nye stillingar er oppretta i 2012.

Regjeringa har lagt fram og fått vedteke forslag til endringar i kontantstøtteleova om avvikling av kontantstøtta for toåringar og målretting og styrking av kontantstøtta for eittåringar.

Regjeringa har lagt fram og fått vedteke forslag til endringar i folketrygdlova om ei tydelegare tredeling av foreldrepengeperioden.

Regjeringa har lagt fram forslag til endringar i likestillingslova om tydeleggjering av rettane ved foreldrepermisjon.

Regjeringa har lagt fram forslag til endringar i diskrimineringsombudslova om tilsyn med gjennomføring av FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne.

Regjeringa held fram med å styrkje tiltak for integrering: Om lag 13 pst. av innbyggjarane i landet har anten innvandra sjølve eller er fødte i Noreg med to innvandrareforeldre. I den siste befolkningsframskrivinga frå SSB viser hovudalternativet at det vil vere rundt 1,3 mill. innvandrare i Noreg i 2050, dvs. om lag 20 pst. av befolkninga.

Regjeringa har frå 1. januar 2012 utvida rett og plikt til norskopplæring frå 300 til 600 timar for å leggje til rette for at innvandrare skal lære endå betre norsk og få kunnskap om det norske samfunnet.

Regjeringa har frå 1. januar 2012 innført krav om gjennomført pliktig norskopplæring for dei som søker permanent opphald og norsk statsborgarskap.

Regjeringa sette den 1. juli 2012 i verk ei endring i statsborgarskapslova som inneber at ein får nye måtar å klarleggje identitet på. Dette vil føre til at fleire personar som er fødte i Noreg, eller som har komme til Noreg i ung alder, kan bli norske statsborgarar.

Stortinget vedtok i mai 2012 ny lov om avtaler om deltidbruksrett og langtidsferieprodukt m.m., timeshare.

Det er vedteke nye reglar for tilskott og foreldrebetaling i barnehagane. Lovendringane sikrar at offentleg tilskott og foreldrebetaling skal komme barna til gode og styrker kontrollen med tilskotta til dei ikkje-kommunale barnehagane.

Ny forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga blei vedteken 4. juni 2012 og tok til å gjelde 1. juli 2012.

Regjeringa samarbeider med fylkeskommunane om å utvikle opplæringsmodellar for å leggje betre til rette for at fleire vaksne skal kunne delta i vidaregåande opplæring. Gjennom program for basiskompetanse i arbeidslivet, BKA, blir det gitt tilskott til kurs i lesing, skriving, rekning og IKT for arbeidstakarar med svake grunnleggjande ferdigheiter.

For å betre situasjonen for ungdom som ønskjer læreplass, skreiv Kunnskapsdepartementet og alle arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane under ei eiga samfunnskontrakt for læreplassar med målsetjing om å auka talet på læreplassar med 20 pst. frå 2011 til 2015.

Evalueringa av Kunnskapsløftet har vore ei stor satsing for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for vidareutvikling av kvaliteten i norsk skule. Funna frå evalueringa er eit viktig utgangspunkt for arbeidet med ei ny stortingsmelding som skal leggjast fram for Stortinget i 2013.

Kunnskapsdepartementet jobbar med oppfølginga av NOU 2010:7 Mangfold og mestring. Oppfølginga inneber bl.a. tiltak for å sikre gode innføringstilbod til elevar som er nye i Noreg.

Regjeringa har som målsetjing for grunnopplæringa at alle skal inkluderas og oppleve meistring. Arbeid for eit godt læringsmiljø og mot mobbing har derfor høg prioritet. Over 330 kommunar har no signert Manifest mot mobbing og forplikta seg til å arbeide mot mobbing lokalt.

Regjeringa vil halde fram med arbeidet med å heve kvaliteten på utdanningane og å heve lærarane sin status. GNIST er eit breitt samarbeid for å rekruttere fleire til læreryrket, styrkje kvaliteten på lærarutdanninga og vidareutvikle lærarprofesjonen. Sidan GNIST blei oppretta i 2008, har talet på kvalifiserte søkjarar til lærarutdanninga auka med 54 pst.

God tilgang på studentbustader er ein viktig føresetnad for at alle skal kunne ta høgare utdanning. Regjeringa har dei seinare åra gitt støtte til bygging av ca. 1 000 nye studentbustader årleg.

Regjeringa er oppteken av å sikre rekruttering til viktige samfunnsområde. Søkninga til realfag og teknologi er den høgaste på lang tid. Også søkninga til lærarutdanning og førskolelærarutdanning er aukande. For å sikre helse- og velferdsutdanningar i tråd med reformene i offentleg sektor har regjeringa lagt fram ei eiga stortingsmelding om dette.

Startløyving til nytt teknologib bygg ved Universitetet i Tromsø vil bidra til nordområdesatsinga til regjeringa.

Regjeringa er oppteken av å sikre forskning som stiller dei grunnleggjande spørsmåla og har sørgt for ein auke i midlane til fri prosjektstøtte, FRIPRO, på til saman 160 mill. kroner i 2011 og 2012. Gjennom fellesløftet sikra universiteta ytterlegare 100 mill. kroner til søknader til fri prosjektstøtte med toppkarakterar i 2012.

For å sikre at forskarar som utfører oppdrag for det offentlege er uavhengige, har regjeringa utarbeidd ei ny standardavtale for forskings- og utgreiingsarbeid.

Regjeringa ønskjer å rette merksemda mot resultatane av innsatsen på forskning, og ein gir ut Forskningsbarometeret for å måle trykket i det norske forskingssystemet. Ein positiv trend i talet på avlagde doktorgradar har leidd fram til eit førebels rekordår i 2011. Det bidreg til å dekkje det store behovet for kompetente forskarar, men særleg i ingeniør- og realfag blir det framleis utdanna for få kandidatar.

Gjennom den nasjonale satsinga på forskingsinfrastruktur har det så langt blitt gitt 1 mrd. kroner for investeringar i 40 forskingsinfrastrukturar. I 2012 har det blitt lyst ut ytterlegare 300 mill. kroner.

Regjeringa oppfordrar til internasjonal orientering i alle delar av forskingssystemet. Regjeringa har arbeidd aktivt for å bidra til utforminga av EUs kommande forskingsprogram, Horisont 2020.

Likestilling er eit viktig mål, og regjeringa held fram

med arbeidet for å fremje likestilling mellom kvinner og menn på alle stillingsnivå og fagområde innanfor forskingssektoren.

Avtalepartane blei ikkje samde om ny jordbruksavtale. Statens tilbud blei derfor lagt fram for Stortinget og vedteke der som jordbruksoppgjær for 2012. Oppgjæret inneber ein samla auke i ramma med 900 mill. kroner. Oppgjæret fører vidare kursendringa i landbrukspolitikken som er gjennomført dei seinare åra. Det er lagt til rette for nivåheving i inntektene. Oppgjæret prioriterer det grasbaserte husdyrholdet, økonomien i kornproduksjonen og grøntsektoren og legg til rette for auka investeringar i landbruket.

Det er forhandla fram ny reindriftsavtale, som Stortinget slutta seg til i juni 2012. Reindriftsavtala inneber økonomiske tiltak i reindriftsnæringa på 104,5 mill. kroner.

Regjeringa har vedteke å setje ned eit lovutval som skal greie ut korleis prinsippet om god handelsskikk i matvaresektoren og omsynet til forbrukarane kan ivaretaast i lov-givinga.

Regjeringa prioriterer IKT som verkemiddel for samhandling, og Stortinget har vedteke lov om å opprette nasjonal kjernejournal.

Det har skjedd ei betydeleg satsing på helsetenesta det siste året, og fleire får behandling. Styringskrava til dei regionale helseføretaka når det gjeld kvalitet og pasienttryggleik i sjukehusa, er skjerpt.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om ein heilskapleg rusmiddelpolitikk, og det er lagt fram ein nasjonal tobakksstrategi.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet, gode kollegaer!

Forrige gang Stortinget var samlet for å lytte til trontalen, sto vi foran et år som vi visste ville bli spesielt. Terrortragedien 22. juli i fjor har preget oss i denne salen, slik den også har preget resten av det norske samfunnet. Vår nasjon har gjennomlevd mye siden katastrofen rammet oss i fjor sommer. Men som nasjon har vi også vokst oss sterkere. Vi har høstet anerkjennelse for måten vi møtte en ekstraordinær situasjon på – med verdighet. Vi har sett at vår rettsstat fungerer. Gjerningsmannen har fått sin dom.

Tidligere i år la 22. juli-kommisjonen fram sin rapport. Rapporten pekte på hva som fungerte, men også på mange alvorlige mangler i vår beredskap. Stortinget ble samlet ekstraordinært for å høre regjeringen redegjøre om rapporten. Nå tar Stortinget fatt på den viktige jobben det er å trekke lærdom av det som ikke fungerte.

Trontalen bærer bud om at Stortinget også i året som kommer har mange og viktige oppgaver foran seg. Idet det 157. storting trer sammen, er Europa preget av høy arbeidsledighet, stor gjeldsbyrde og økende sosial uro.

Norge på sin side har flere i arbeid enn noen gang tidligere. Det har vi god grunn til å glede oss over. Ifølge våre siste tall er over to og en halv million mennesker i jobb her i landet. De bidrar som snekkere, helsearbeidere og lærere, de bidrar i handel, fiskeri, transport eller industri – og med mange andre viktige oppgaver. Det er de som holder samfunnet i gang. Det at så mange deltar i arbeidslivet er det beste grunnlaget for fortsatt vekst og velferd her i landet. Vår viktigste oppgave som folkevalgte er å legge grunnlaget for at alle fortsatt skal være trygge på at de har en jobb å gå til.

Neste gang Stortinget åpnes er det en ny forsamling av stortingsrepresentanter som møter. Noen vil ha fått fornyet tillit, noen vil ha fått ny tillit. Før neste trontale har folket vært samlet til valgting, og nettopp begrepet «valgting» understreker det faktum at folket i valg er det høyeste politiske organ i Norge. Folket i valg står over oss alle.

Spesielt tydelig er det i forhold til endring av Grunnloven. Gjennom Grunnlovens egen formulering om at forslag lagt fram i denne perioden ikke skal behandles før i neste periode, sikrer Grunnloven selv at den ikke kan endres mot folkets vilje. Ved utgangen av det 156. storting er det lagt fram hele 42 forslag til endring i Grunnloven. Det er forslag om menneskerettigheter, språklig fornyelse og en rekke andre endringer. Presidentskapet vil allerede i dette storting legge opp til en egen debatt om forslagene i plenum, og vi vil arrangere seminarer om utvalgte grunnlovsforslag i den gamle lagtingssalen. Slik håper vi å øke bevisstheten om grunnlovsforslag som skal behandles i neste periode, og samtidig stimulere til viktige debatter fram mot hundreårsjubileet for kvinnelig stemmerett i 2013 og tohundreårsjubileet for Grunnloven i 2014.

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet!

For oss som stortingsrepresentanter står fremdeles en fjerdedel av mandatperioden igjen. Det er ennå tid til å oppnå resultater for de velgerne vi representerer.

I forvisning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange store oppgavene som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle, gode ønsket:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte – og anser det for vedtatt.